



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	03.03.2015
Tid:	13:30 – 17:30

Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Olaug Andreassen	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V

Andre: Rådmann Olaus Jon Kopperstad Sekretær Brit Berge
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg Personalleiar Jan Vidar Dammen Hjelmeseth
Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge
Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge
Bu- og habiliteringsleiar Renathe Rossi Kaldhol

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.

Det møtte 7 medlemer og 2 varamedlemer, fulltallig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valde:
Tor Sindre Steinsvik og Ann-Kathrin (Tine) Storøy.

F-sak 41/15 vart handsama fyrst i møte.

Skriv delt ut i møte:

Offentleg markering/merksemd: Ragnar Thorseth - brev frå Arnljot Grimstad datert 23.02.2016.
Saka vart drøfta. Ordførar/rådmann sender svart til Arnljot Grimstad.

Kommunalt ansvar for ei markering ved Fiskarkona i mars 2015 – brev frå Marit P. Kvalsvik, udatert.
Saka vart drøfta. Ordføraren sender svar til Marit P. Kvalsvik.

Utllysing av vakante stillingar – uttale frå arbeidstakarorganisasjonane datert 23.02.2015. Uttalen var
også sendt ut saman med innkallinga.

underskrifter

Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Arnulf Goksøyr

Tor Sindre Steinsvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 34/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 35/15	Protokoll frå førre møte
PS 36/15	Referatsaker
PS 37/15	Vakanse lærlingar 2015
PS 38/15	Tilsetjingsstopp - konsekvensar for brannvern og anlegg- og drift
PS 39/15	Løyve til utlysing av stillingsressurs i bu- og habiliteringsavdelinga
PS 40/15	Søknad om utlysing av stilling
PS 41/15	Vakanse personal- og organisasjonsavdelinga 2015
PS 42/15	Vakanse innan psykisk helsevern - behov for vikar
PS 43/15	Utlysing av stilling for avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter
PS 44/15	Reguleringsendring for deler av Myklebust vest - offentleg ettersyn
PS 45/15	Søknad om overtaking av privat veg i Bondestokksund.
	Referatsaker
RS 7/15	Arealberekning og avgiftsgebyr - oppsummering etter møte 02.02.2015

Prenta skriv til orientering/drøfting – skriva vert også delt ut i møte.

RS 8/15	Kommunalt ansvar for ei markering ved Fiskarkona
RS 9/15	Uttale til sak om utlysing av vakante stillingar i 2015

PS 34/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste..

PS 35/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte vart delt ut i møte.

PS 36/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 37/15 VAKANSE LÆRLINGAR 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

Formannskapet godkjenner at det kan vere inntil 8 lærlingplassar i kommunen i 2015.

PS 38/15 TILSETJINGSSTOPP - KONSEKVENSAK FOR BRANNVERN OG ANLEGG- OG DRIFT

Møtebehandling:

Anleggs- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

1. Formannskapet vurderer det slik at den vakante ingeniørstillinga som var nytta til driftsoppgåver og gjennomføring av anleggsprosjekt må utlysast for at kommunen skal kunne legge nødvendig til rette for næringsetablering og busetjing.
2. Når det gjeld utlysing av ingeniørstillinga på drifta, ber formannskapet om at ein kjem tilbake til dette i samband med saka om hamneforvaltninga.
3. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

PS 39/15 LØYVE TIL UTLYSING AV STILLINGSRESSURS I BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

Møtebehandling:

Bu- og habiliteringsleiar Renathe Rossi Kaldhol møtte og orienterte. Folk/SP v/Kjell Runde kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet går inn for å lyse ut 0.5 stilling i bu- habiliteringsavdelinga frå 1.7.2015.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer saka.

Framlegget frå Folk/SP vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding fall mot 0 røyster.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

1. Formannskapet går inn for å lyse ut 0.5 stilling i bu- habiliteringsavdelinga frå 1.7.2015.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer saka.

PS 40/15 SØKNAD OM UTLYSING AV STILLING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

1. Formannskapet ser at det er uheldig at det står ledig ei 0,5 stilling i PPT, sett i forhold til den satsinga kommunen har på tidleg innsats. Formannskapet

oppfattar det likevel slik at kommunen kan yte eit forsvarleg tilbod sjølv om denne stillinga står vakant ei periode. Dersom ein ikkje lenger kan yte eit forsvarleg tilbod, ber formannskapet om at saka vert lagt fram på nytt.

2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendingane som fylgjer av saka.

PS 41/15 VAKANSE PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA 2015

Møtebehandling:

Saka vart handsama fyrst i møte.
Personalleiaren møtte og orienterte.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

1. Formannskapet legg til grunn at det skal gjennomførast ein analyse av administrativ organisering og bruk av administrative ressursar innan 01.06.2015. Formannskapet kan difor ikkje godkjenne at det vert lyst ut stilling som omsøkt før det er gjort slik analyse.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendingane som fylgjer av saka.

PS 42/15 VAKANSE INNAN PSYKISK HELSEVERN - BEHOV FOR VIKAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

1. Formannskapet gir løyve til mellombels å tilsette ein sjukepleiar i 40 % stilling samt ein psykiatrisk hjelpepleiar i 20 % stilling for ein periode på 6 månader.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendingane som fylgjer av saka.

PS 43/15 UTLYSING AV STILLING FOR AVDELINGSLEIAR VED MYRVÅG OMSORGSSENTER

Møtebehandling:

Saka vart handsama etter F-sak 42/15.
Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

1. Leiarstillinga ved Myrvåg omsorgssenter avdeling A vert lyst ut snarast råd.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

PS 44/15 REGULERINGSENDRING FOR DELER AV MYKLEBUST VEST - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag «Reguleringsendring for Myklebustvatnet vest II», datert 22.01.2015, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

PS 45/15 SØKNAD OM OVERTAKING AV PRIVAT VEG I BONDESTOKKSUND.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot Folk/SP og Krf sine røyster.
Dei røysta for tilråding frå Folk/SP i Maritim og teknisk komite 24.02.2015.

Vedtak i Formannskapet - 03.03.2015

Ein finn ikkje at kommunen på noverande tidspunkt kan overta den private vegen i Bondestokksund.
Vegen skal framleis ha status som privat veg.

REFERATSAKER

**RS 7/15 Arealberekning og avgiftsgebyr - oppsummering etter møte 02.02.2015
Arealberekning og avgiftsgebyr - oppsummering etter møte 02.02.2015
05.02.2015 00:00:00 Jon-Arild Goksøy**

**RS 8/15 Kommunalt ansvar for ei markering ved Fiskarkona Kommunalt ansvar
for ei markering ved Fiskarkona 21.01.2015 00:00:00 Marit Pauline Kvalsvik**

**RS 9/15 Uttale til sak om utlysning av vakante stillingar i 2015 Uttale til sak om
utlysning av vakante stillingar i 2015 23.02.2015 00:00:00 Fagforbundet, Delta,
Nito, Utdanningsforbundet og Hovedverneombodet**